

EI VIKTIG TID — EIT VIKTIG VAL!

Du er berre eit år frå ein høgtidsdag i livet ditt.
No er det tid for å velje.



VELKOMEN SOM KONFIRMANT
I HEMSEDAL!

KONFIRMANT*
2027



DEN NORSKE KYRKJA
Hemsedal sokn

I konfirmasjonstida er det rom for å utforske mange viktige sider av livet saman med andre. Som konfirmant får du lære meir om deg sjølv, om tru, om Gud og om den verda du er ein del av. Vi håper du vil vere konfirmant hos oss!

KVA ER KONFIRMASJON?

Konfirmasjon heng saman med dåpen. Konfirmasjon handlar om å bli betre kjent med den kristne trua, livet ditt og spørsmåla dine. Som konfirmant får du lære meir om Gud og deg sjølv. Vi snakker om livet – på godt og vondt.

KONFIRMANTSAMLING

Konfirmantida varar frå september 2026 til mai 2027. Vi samlast ca. ein til to tysdagar i månaden. I tillegg kjem andre arrangement og gudstenester. Samlingane vil vera i kyrkja, på Kyrkjestugu eller ute. Konfirmanttida opplever du berre éin gong, og vi håpar du prioriterer opplegget

KONFIRMANTLEIR

Ved sida av samlingane reiser vi på HEKTA konfirmantleir 12.– 14. februar i Håkons Hall på Lillehammer. I tre dagar vil det myldre av liv når rundt 1000 ungdommar møtast til leik, spennande aktivitetar, heftig sceneshow og fellesskap. Dette blir garantert ein oppleving du vil leve lenge på!

KONFIRMANTFESTIVAL

Kvart år har vi ein konfirmantfestival for alle konfirmantane i Hallingdal. I år blir den arrangert onsdag 11.november (på skulens planleggingsdag). Meir info om denne dagen kjem etterkvart. På festivalen kan du få vere med på leikar og aktivitetar.





FASTEAKSJON

16. mars skal vi vera med på Kirkens Nødhjelp sin Fasteaksjon. Fasteaksjonen er den nest største bøsseaksjonen i Norge.

Då skal vi med foreldre og andre frivillige frå kyrkja gå frå dør til dør for å samle inn pengar til menneske som ikkje har vatn, som lever i fattigdom eller er utsette for andre katastrofar.

EG ER IKKJE DØYPT – KAN EG KONFIRMERAST?

Du er velkomen til å delta i konfirmant-opplegget, sjølv om du ikkje er døypt. Dåpen er ein føresetnad for å delta i den avsluttande konfirmasjons-gudstenesta. Då er det vanleg at ein vert døypt i løpet av konfirmantåret. Kvart år er det fleire hundre konfirmantar som vert døypte! Dato for dåp planlegg vi saman i god tid før konfirmasjonen.

SÆRSKILDE BEHOV

Vi ynskjer at konfirmasjonstida skal vere for alle. Difor treng vi å vite om nokon av konfirmantane har behov for tilrettelegging på ein eller anna måte. Då kan vi gjere konfirmanttida trygg og føreseieleg for ungdomane. Gje oss gjerne info vi treng å vite ved påmelding.

Ta gjerne kontakt med presten. Sjølvsagt er all slik info omfatta av teieplikta til oss som er tilsett i kyrkja.



SLIK MELDER DU DEG PÅ SOM KONFIRMANT

Gå inn på www.hemsedal.kyrkja.no og fyll ut skjema for registrering av konfirmant. Dersom du er usikker på alt som skal fyllast ut, skriv du det du veit, og sender inn og så ordnar vi etterpå det som manglar. Påmelding på nett har starta. Frist for påmelding: **15. august**

KICK OFF 16.JUNI 1430-1600

For deg som er påmeldt eller vurderer om du skal konfirmere deg i kyrkja –Velkommen! Det blir pizza:) Samlinga er ikkje binande som påmelding, men til info for deg som går i 9.klasse.

VELKOMSTSAMLING 1. SEPTEMBER 1430-1630

Vi spiser taco saman, blir betre kjent og snakkar om året.

SET AV DESSE DATOANE:

Foreldremøte: Tirs. 18.august kl 1930-21, i Hemsedal kyrkje

Presentasjonsgudsteneste: Sun. 13.september kl.19.00 i Hemsedal kyrkje

Konfirmantfestival: Ons. 11. november (skolens planleggingsdag)

Lysmesse: Sun. 29.november kl 19.00 i Hemsedal kyrkje

KUHL-kveld: Dato kommer.

Konfirmantleir: 12.-14. februar 2027

Fasteaksjon: Tirs.16. mars

Samtalegudsteneste: Tirs. 4.mai kl.18 i Hemsedal kyrkje.

Etter gudstenesta er alle invitert til konfirmantfest på Kyrkjestugu.

Konfirmasjonsgudsteneste:

Laurdag 22.mai kl 11.00 i Hemsedal kyrkje

Søndag 23.mai kl 11.00 i Hemsedal kyrkje

Moglegheit for konfirmasjonsgudsteneste i Lykkja ved interesse.

Kva dag ein får konfirmasjon vil vere klart til det første foreldremøtet. Det er mogleg å leggje inn ynskje, men vi garanterer ikkje at det kan innfriast dersom mange ynskjer same dag.

KONFIRMANTAVGIFT

Konfirmasjonen har ein eigenandel på **1150 kr**. Det blir sendt faktura i løpet av hausthalvåret. Eigendelen dekker blant anna materiell, konfirmantleir og konfirmantfestivalen. Konfirmantane vert meldt inn i HEKTA som er arrangørar av konfirmasjonsleiren. I praksis gjer dette at leiren vert

billigare og derfor også eigenandelen haldast låg. Dersom ein ynskjer å reservere seg frå dette, ta kontakt med kyrkjekontoret.

Det vil ikkje koma andre utgifter utover dette.

Dersom du ikkje har moglegheit for å dekke konfirmantavgifta kan ein søkje kyrkja om støtte. Ta kontakt med kyrkjekontoret dersom dette er aktuelt!

Ved spørsmål ta kontakt med kyrkjekontoret:

post.hemsedal@kyrkja.no eller tlf.+47 47 90 38 33